



Noregs  
vassdrags- og  
energidirektorat

Salar Smolt  
5917 ROSSLAND

Vår dato: **24 APR. 2007**  
Vår ref.: NVEr200704006-3 rv/rho  
Arkiv: 317 /059.2B  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Randi Holme  
57 83 36 71

25/4-07  
BS  
**KOPI**

Region Vest  
Naustdalsvegen 1 B

Postboks 53  
6801 FØRDE

Telefon: 57 83 36 50  
Telefaks: 57 83 36 51  
E-post: rv@nve.no  
Internett: www.nve.no

Org.nr.:  
NO 970 205 039 MVA  
Bankkonto:  
7694 05 08971

## Regulering av Rylandsvassdraget - Referat frå møte på Rossland 17.04.07

Møtet vart halde i Salar Smolt sine lokale i Rylandsvåg 17.04.2007 kl 1430 – 1530. NVE hadde bedt om eit felles møte med Salar Smolt, som har konsesjon for regulering av vassdraget, og representantar for grunneigarane.

### Desse var til stades:

Vasslaget: Lars Skinntveit, Olav Håtuft

Grunneigarlaget: Bjarte Skinntveit

Salar Smolt: Øyvind Holsen, Egil Fyllingsnes, Agnar Sundbotten

Asplan Viak: Trym Trovik, Tom Monstad

NVE: Ivar Sægrov, Randi Holme, Katarzyna Eftevand, Jon Arne Eie

Både frå grunneigarlaget og Vasslaget har det komme innspel til NVE og konsesjonæren som går på reguleringa av vassdraget og på traseen til vassleidningen.

### Drøftingar i møtet.

#### Rylandsvatnet:

Både Vasslaget og Grunneigarlaget bed om at høgaste og lågaste vasstand i Rylandsvatnet vert fastsett. Det vart hevda at det har vore tilfeller der vasstanden har vore lågare enn den faste overlaupsterskelen. I følgje konsesjonen er det høgda på terskelen som fastset lågaste vasstand, og vasstanden skal ikkje utan særskilt løyve gå under dette nivået. Frå NVE si side vart det her presisert at det regimet for Rylandsvatnet som fylgjer av konsesjonen og tiltaka han gir heimel for, ikkje legg opp til noko regulering mellom ein nedre og øvre vasstand. Det er gjennom vassdragskonsesjonen fastlagt at det skal definerast ein nedre vasstand som skal vere samanfallande med nivå for overløpet

på terskeldammen. Ein fast høgste vasstand kan såleis ikkje fastleggjast heilt eksakt. For vidare arbeid med å fastlegge evt. tiltak i høve til situasjonar med uheldig høg vasstand; sjå under konklusjon for møtet til slutt i dette brevet.

### ***Trasé på vassleidningen:***

Vasslaget og Grunneigarlaget peikar på at det i konsesjonen står at vassleidningen skal gravast/sprengast ned i grunnen og at dette vilkåret mellom grunneigarane har vore tolka slik at leidningen også skulle dekkast heilt til. Den ferdig utlagde leidningen ligg delvis nedgraven i vatnet og er delvis nedsprenget under og forbi den gamle vegbrua. Den ligg på heile strekninga under vatn og på aktuell djupne, men den er ikkje dekkast over med massar og er såleis synleg, spesielt i området ved brua.

NVE kan vere samd med grunneigarane i at ei meir omfattande tildekking av røyrleidningen ville vore positivt. Det er likevel NVE si vurdering at arbeidet med leidningen er akseptabelt utført i høve til krava etter konsesjonsvilkåra. For strekning der leidningen er lagt gjennom opninga under vegbrua, blir det frå NVE si side også lagt vekt på at det i omsynet til vegbrua sin stabilitet og utforming, var anleggstekniske utfordringar som gav avgrensingar i høve til utsprenging og djupne på grøfta.

### ***Storevatnet - kotehøgder***

Det vart peika på at oppmålingar som Meland kommune utførte i 2003 viste at det var feil i høgdegrunnlaget som vart nytta for å fastlegge reguleringshøgder for Storevatnet/Bjørndalsvatnet. Etter dei nye oppmålingane skal HRV vere på kote 11.14 og LRV på kote 9.83. Reguleringshøgda på 1.31 m ligg fast.

NVE vil justere dei aktuelle kotehøgdene i konsesjonen så snart detaljplanane for reguleringsanlegget er godkjent og arbeidet med tiltaka i Rylandsvatnet er avklara.

### ***Konklusjon:***

Salar Smolt tek initiativ til å utarbeide eit konkret forslag for evt. ytterlegare tiltak for å kontrollere uønska flaumvasstandar i Rylandsvatnet etter at den nye terskeldammen no er ferdig. Det skal i ein slik gjennomgang vurderast i kva grad det skal vere muleg å nytte luka i terskeldammen for å redusere flaumvasstandar som kan medføre skader eller ulemper. Eit reglement for eit slikt tiltak må integrerast i vassdragskonsesjonen.

Konsesjonæren skal også oppdatere byggeteikningane slik at det vert dokumentert kvar i elva vassleidningen ligg og kven som er grunneigarar der leidningen ligg. Dette skal inn på dei oppdaterte karta.

I tillegg vart det i møtet teke opp forhold som må avklarast mellom konsesjonæren og grunneigarane og som ikkje direkte vedkjem NVE som vassdragsmyndigheit. Dette vert ikkje omtala i referatet.



Med helsing

*G. Braustad*

Gunnstein Brakestad  
regionsjef

*Ivar Sæggrov*

Ivar Sæggrov  
senioringeniør

Kopi: Vasslaget v/ Lars Skinntveit, 5917 Rossland  
Grunneigarlaget v/ Bjarte Skinntveit, 5917 Rossland